

**Notat**

Dato: 01.09.2017  
Arkivsak: 2014/1512-54  
Saksbehandlar: hanengu

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Melding om endeleg vedtak av Regional plan for areal- og transport på Haugalandet****Bakgrunn**

Fylkestinget i Hordaland vedtok «Regional plan for areal og transport på Haugalandet» 5. oktober 2016 etter en omfattende prosess. Fylkestinget i Rogaland gjorde 15. juni samme vedtak.

Tysvær, Bokn og Karmøy kommunar fremma juni/juli 2016 innvendingar til pkt 7, 11, 12, 14 og 15 i planens retningslinjer. I tillegg tok kommunane opp at planen burde bli utforma som ein meir overordna og retningsgivande plan, grad av styring i planen, og forholdet mellom lokalt og regionalt nivå generelt.

Fylkeskommunane og kommunane var i orienteringsmøte med departementet om saken 3. februar. Fylkesordførarane har deretter sendt to brev for å følge opp saken. Departementets vedtak ble mottatt 21. juni.

**Vurdering**

Fylkesrådmannen vurderer at departementet har gitt viktige avklaringar om den regionale planlegginga si rolle og forholdet til nasjonal politikk. Samtidig har dei gjort endringar som kjem kommunane i møte ved å forenkle retningslina om regional handelsanalyse, legge til rette for interkommunal planlegging og tydeliggjøre forskjellen mellom retningslinjer og juridisk bindande føresegner. Fylkesrådmannen vurderer at departementets endringar ikkje endrar hovudgrepa og den strategiske retninga i planen, men at dei inneber nokre presiseringar knytt til ein skilde tema.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementets vedtak inneber at heile «Regional plan for areal og transport på Haugalandet» er gyldig. Dette er viktig for vidare samarbeid og oppfølging av planen på Haugalandet.